

Langs Hardangerfjorden under Kystsogevekene



Under Kystsogevekene
kan du oppleve ei rad ulike
arrangement langs
Hardangerfjordens strender.



Kjem du frå havet entrar du Hardangerfjorden mellom Bømlahuk og Ryvarden fyr. Årets fyrjazz kan i år by på Nairobi Trio frå New Zealand som spelar på Ryvarden. Trioen er inspirert av Django Reinhardt spelar dei klassisk jazz, men òg med innslag av nyare popmateriale. Frå kulturfyret i Sveio går ferda til Langevåg der Bygdatunet byr på Kystsogedagar tre dagar til endes. Mellom dei mange høgdepunkta på programmet finst 3Busserulls, Juablon, Ausekarane, kassabilløp, sjømatbuffé og kapproing. Ein ferjetur seinare er

du i Langevåg der Sveio Gullforening inviterer til konsert med Hans Christian Andersen og dottera Hanne. I tillegg skal Olav Halvorsen få fram smilebandet og gullforeninga serverer dessutan på rømmegraut i sjøbua.

Vel ei nautisk mil mot nord finn du Tjernelgelhaugen der Kystlandskapsparken i Sveio byr på aktivitetssdag med orientering om arkeologiske funn på staden. Det vert også orientert om Kystlandskapsparken sine planar for re-etablering av haugen eller deler av denne i ei eller anna form. Her vil den lokale biletkunstnaren Billy Roy Økland presentere skisser for ulike løysingar som er diskutert. Me tek så eit sveip til Auklandshamn og Svei Kystlag sin temadag på kysttunet om bøkring. Bøkkaren laga tønner som var svært viktige som emballasje for lagring og transport av sild. No går ferda gjennom Kulleseidkanalen på Bømlø. Under den maritime messa Kanaldagane kan du mellom anna sjå konsertar med Bjørn Jensen og Vestlandsfanden, sjå flotte båtar, handla husflid og høyra saga om Innvær Plast.



Me stevnar vidare inn Hardangerfjorden og gjer strandhogg hjå Moster Amfi som lokkar med Kystsogeutstilling med Bjørg Strømme som stiller ut bilete i akvarell, akryl og foto på plate. Dei tre karane i Nordic Tenors, Sveinung Hølmebakk, Roald Haarr og Jan-Tore Saltnes, kjem med humor, dans og musikalske overraskingar i Moster Amfi. Siste dagen i Kystsogevkene kan du høyra framsyninga «Einsamflygar» der Amund Enger, Andreas Ulvo, Gjermund Silset og Erland Dalen gjer tonefyllgje til Haldis Moren Vesaas sine dikt i Moster Amfi.

No går ferda nordover til vervadag på Jensaneset. Her byr Sagvågen Kystlag på allsidig aktivi-

tetsdag for både barn og vaksne: utstillingar, skipsarbeid, saging på oppgangssaga, salsbodas med handverksprodukt og Sagvågen Musikklag spelar. Oppe på Storavatnet ved Litlabø og Skjephauvatnet ved Heiane inviterer Barnas Turlag og Stord-Fitjar Turlag til padleopplevingar i kano, natursti og turteipp ved desse ferskvatna. På Leirvik kan du vera med på open dag på Sunnhordlandstunet og sjå utstillinga «Se torsken». Det vert òg demonstrasjon av gamle handverk, aktivitetar for born og utstilling om “Dei farlege galne”. Nede på Leirvik opnar Stord Maritime Museum dørene inn til ei utstilling som rommar ei maritim samling med båtar, motorar, båtbyggjarverky, skipsutstyr, gjenstandar knytt til oljeindustrien og minne frå 1. og 2. verdskrigen. Ute på kaien kan du gå om bord i DS Stord1 som tek deg med på historisk rundreise i Sunnhordland. Med på turen vert Harald Sætre som fortel om HSD sine rutebåtar), Kjell Magnus Økland som fortel om Kystsogevkene og Oselvaren og trubadurar som underheld med sjømannssongar. Ferda går frå Leirvik gjennom Fjellbergsundet til Ølen/Etne, Sunde og attende til Leirvik.

Like nedom høgskulen på Rommetveit ligg ei skip-snaustuft frå leidangstida. Her inviterer Villvetene Barnehage, Rommetveit Skule og Stord Sogelag til omvisning og filmkveld som viser korleis dei har brukt nausttuffa som sitt lokale kulturminne i undervisninga. No kryssar me Hardangerfjorden og lendar på Valøya på Valen i Kvinnherad der Kvinnherad Turlag arrangeer Kom-deg-ut-dag til Valøya. Her vert det grilling, fisking, natursti, padling og dykking. På andre sida av nordre Valevåg byr Væsttiftinga og Kvinnherad Kystlag på aktivitetssdag knytta til sjøen ved Buo på Valen. Om kvelden vert det vaksenfest på Buo. Tøffar me så rundt Upsangeraneset og fortøyer ved Bergslagen kan Sunde Kyst- og Litteratursenter by på ulike aktiviteter med fokus på kystkultur i samarbeid med andre lag og organisasjonar i bygda.

Me set no kursen mot Skorpo der Tysnes Sogelag har Svartedauden sine verknader på Tysnes som tema for Birger Leganger sitt foredrag i skulehuset på Skorpo. Lenger nord i Kulturkyrkja Onarheim vert det banning og bøn, naud og nåde. Her vil sokneprest Reidar Ådnanes gje eit glimt i Jakob Sande si diktning. Ferda går no mot nord og til Tysneshallen på Gjerstad. Her lokkar Tysnes Musikklag med dansegalla der Bris og Mona Jill Band frå Nordfjord spelar. På Gjerstad kan du få med deg Dokkegalleriet på Breidablikk

si salsutstilling med bilete av Magne Kjellesvik, utstilling av dokker i folkedrakter knytta til kystkulturen og kåseri om fiske i gamle dagar ved Olav Skjellevik. I Våge kan du sjå Jåttlaget si utstilling om Jåttseglarane frå Tysnes i flytenaustet. Desse sjøfolka var profesjonelle mannskap på kappseglingsbåtar i Amerika frå 1900-1940.

No seglar me austover til Ølve der gamle skipsbyggjetradisjonar vert løfta fram av Ølve Bygdalag. Det vert utstilling, omvisning og foredrag med Lars Nerhus som er etterkommar etter fleire generasjonar skipsbyggjarar som held til på Øyro. Me nærmar oss slutten på ferda og fortøyer slik at me kan vandra opp til Bygdetunet Rød og få med oss friluftsgudsteneste ved Lina Håland, kyrkjekaffi, utstilling, temaforedrag i Lemstova og konsert i Røykstova. Siste stogg på ferda langs Hardangerfjorden i denne omgang vert i Rosendal. På det nyopna Folgefonnsenteret kan du høyra om den vidkjende Hardangerjakta Gjøl. Interesselaget for Galeas Gurine har fått Morten Hesthammer til å fortelja om restaureringa og Knut Skåla innleier om Gjøraknuten som bygde fartøyet. Og har du ikkje fått nok kystkultur etter dette sveipet langs Hardangerfjordens strender, så kan du ta turen til mange av dei andre fjordstrøka vidare nordover under Kystsogevkene frå 12. august til 17. september.

Du finn fullt program på **www.kystsogevkene.no**

Helsing Kjell Magnus Økland
Dagleg leiar Kystsogevkene

FAKTA KYSTSOGEVEKENE:

Kystsogevkene er ei årleg stormønstring av kystkultur i august og september.

22 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord er med i dette samarbeidet.

Stiftinga Kystsogevkene sin viktigaste økonomiske bidragsytar er Hordaland Fylkeskommune.

Sjå fullstendig program på **www.kystsogevkene.no** eller i eige programhefte.

PROGRAMOVERSYN

Laurdag 12. august
BØMLO: Opning av Kystsogevkeutstilling med Bjørg Strømme. Arr. Moster Amfi.
BØMLO: Konsert med Nordic Tenors. Arr. Moster Amfi.

Sundag 13. august
SVEIO: Fyrjazz på Ryvarden. Arr. Sildajazzen.

Fredag 18. august
STORD: Historisk reise i Sunnhordland med DS Stord1. Arr. Stiftelsen DS Stord1.
TYSNES: Dansegalla i Tysneshallen. Arr. Tysnes Musikklag.

Sundag 20. august
KVINNHERAD: Fartøybygging i Ølve 1850-1960. Arr. Ølve Bygdalag.
KVINNHERAD: Museumsdag på Rød. Arr. Bygdetunet Rød.
STORD: Kanotur på Storavatnet ved Litlabø. Arr. Barnas Turlag, Stord-Fitjar Turlag.

Fredag 25. august
BØMLO: Kystsogedagane i Langevåg dag 1. Arr. Langevåg Bygdatun.

Laurdag 26. august
SVEIO: Konsert med rømmegraut i sjøhuset i Buavåg. Arr. Sveio Gullforening.
TYSNES: Kystkultur i kunsten dag 1. Arr. Dokkegalleriet på Breidablikk.
BØMLO: Kystsogedagane i Langevåg dag 2. Arr. Langevåg Bygdatun.
STORD: Vervadagen på Jensaneset i Sagvåg. Arr. Sagvågen Kystlag

Sundag 27. august
TYSNES: Kystkultur i kunsten dag 2. Arr. Dokkegalleriet på Breidablikk.
BØMLO: Kystsogedagane i Langevåg dag 3. Arr. Langevåg Bygdatun.
STORD: Vervagudsteneste på kaien i Sagvåg. Arr. Sagvågen Kystlag

Fredag 1. september
TYSNES: Banning og bøn - naud og nåde ved sokneprest Reidar Ådnanes. Arr. Kulturkyrkja Onarheim
BØMLO: Kanaldagane ved Kulleidkanalen dag 1. Arr. Kanaldagane.
KVINNHERAD: Bergslagen dag på Sunde. Arr. Bergslagen på Sunde.
TYSNES: Husflidsmessa på Tysnes dag 1. Arr. Tysnes Husflidslag.
BØMLO: Kanaldagane ved Kulleidkanalen dag 2. Arr. Kanaldagane.
SVEIO: Temadag om bøkring i Kysttunet i Auklandshamn. Arr. Sveio Kystlag
KVINNHERAD: Kom deg ut dagen – på Valøya på Valen. Arr. Kvinnherad Turlag.
STORD: Kom deg ut dagen - v/Skjephauken. Arr. Barnas Turlag, Stord Turlag.
TYSNES: Husflidsmessa på Tysnes dag 2. Arr. Tysnes Husflidslag.
BØMLO: Kanaldagane ved Kulleidkanalen dag 3. Arr. Kanaldagane.

Onsdag 6. september
STORD: Nausttuffa til eit vikingskip. Arr. Stord Sogelag, Rommetveit Skule, Villvettene friluftsbarnhage.
KVINNHERAD: Foredrag om restaurering av Gjøl ved Morten Hesthammer i Folgefonnsenteret. Arr. Interesselaget for Galeas Gurine.

Sundag 10. september
TYSNES: Foredrag om Svartedauden ved Birger Lindanger i skulehuset på Skorpo. Arr. Tysnes Sogelag.
SVEIO: Kystlandskapsdagen på Tjernelgel. Arr. Kystlandskapsparken i Sveio.

Sundag 17. september
BØMLO: Haldis Moren Vesaas-kveld med Amund Enger. Arr. Moster Amfi.